

BRUK KONSERTEN

Alle born, unge og vaksne i samfunnet vårt har eit tilhøve til musikk. Musikk vert nytta i mange ulike samanhengar, har ulik funksjon og gjev ulik meiningsfarge for kvar einskild av oss. Musikk tek opp i seg, uttrykkjer og formidlar stemningar, tankar og kjensler ved alle sider av det å vere menneske. Musikk er difor ei kjelde til både sjølverkjenning og mellommenneskeleg forståing på tvers av tid, stad og kultur. Som eit allmenndannande kunstfag skal musikkfaget gje elevane grunnlag for å kunne oppleve, reflektere over, forstå og ta del i musikalske uttrykk. Kjennskap til musikk, kunnskap om musikk, utvikling av musikalske ferdighetar og refleksjon kring musikk dannar soleis eit viktig grunnlag for at musikkopplevinga skal kunne vere både ei estetisk oppleving og ei eksistensiell erfaring. (*Utdrag frå Læreplan i musikk, UDIR*)

Framlegg til opplegg i musikktimen

Elevane vel ein eller to melodiar dei likar som dei skal presentere for resten av klassen, alternativt kan ein ta utgangspunkt i nokre av musikkstykka som skal framførast på konserten (sjå titlar i teksten om programmet). Musikken kan ein td. finne på YouTube, iTunes eller Spotify. Spørsmål som kan stillast: Kvifor likte dei akkurat denne melodien? Kva type/sjanger musikk er det? Ein kan så diskutere ulike kjenneteikn ved dei ulike musikkstykka, gjerne utifrå læreplanmåla for dei ulike årsstega (sjå utdrag frå Læreplanmål a nedanfor).

Læreplanmål etter 2. årssteg (utdrag)

- ✓ Samtale om kva som er særeige for eit musikkstykke, og kva assosiasjonar det kan gje
- ✓ Samtale om musikken sin klang, melodi, rytme, dynamikk og tempo
- ✓ Kjenne att lyden av, og kunne namn på nokon instrument
- ✓ Samtale om eigen bruk av musikk og eigen musikksmak

Læreplanmål etter 4. årssteg (utdrag)

- ✓ Kjenne att og skildre klang, melodi, rytme, dynamikk, tempo og form
- ✓ Delta i samtalar om kva som er særeigne trekk ved einskilde musikksgangar
- ✓ Kjenne att lyden av og kunne namngje sentrale blåse-, strenge- og slagverkinstrument
- ✓ Gjere greie for eigne musikkopplevingar, om ulik bruk av musikk, og ulike funksjonar musikk kan ha

Læreplanmål etter 7. årssteg (utdrag)

- ✓ Kjenne att musikk frå historiske hovudepokar innan kunstmusikken
- ✓ Diskutere særtrekk ved kunstmusikk
- ✓ Gje uttrykk for opplevingar i møte med verk av sentrale komponistar fra kunstmusikken
- ✓ Kjenne att klangen til og identifisere dei ulike instrumentgruppene
- ✓ Samtale om korleis musikk både er eit kunstnarleg uttrykk og ei kommersiell vare
- ✓ Gje uttrykk for eigne vurderingar om korleis bruk av musikk og funksjon har endra seg gjennom tidene